

HANDLINGSPLAN 2024 FOR BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO

- ❖ Handlingsplanen bygger på langtidsplanen for 2024–2028.

❖ JUBILEUM

- ❖ Vi skal markere laget sitt 125-årsjubileum med ulike arrangement og tiltak gjennom heile året.

❖ SYNLEGGJERING

- ❖ Vi skal aktivt bruke logo og lagsnamn ved arrangement, i informasjonsmateriell, brosjyrar, annonsar o.l. for å tydeleggjere BUL som organisasjon. Dette gjeld også på særlagsnivå
- ❖ Vi skal starte arbeidet med ny grafisk profil og designmanual
- ❖ Vi skal pusse opp foajeen, som skal få ein klar BUL-profil

❖ ORGANISASJONSTILTAK

- ❖ Vi skal etter årsmøtet i 2024 gi alle tillitsvalde ein introduksjon til BUL, aktivitetane våre og korleis laget er organisert
- ❖ Vi skal ønskje alle nye medlemmer velkommen med ein velkomstpakke med info om laget
- ❖ Vi skal sende ut nyheitsbrev og annan informasjon om laget med invitasjon til arrangement og andre aktivitetar
- ❖ Vi skal utvikle årsmøtet i 2025 til eit samlingspunkt og ein opplæringsarena for alle medlemmer
- ❖ Vi skal tilby kurs og opplæring slik at det blir enklare å bruke god nynorsk i all kommunikasjon

❖ EIGEDOMMAR

- ❖ Vi skal fullføre forprosjekt med ein plan om oppussing av foajeen, og dersom finansiering kjem på plass skal oppussinga gjerast i løpet av året
- ❖ Vi skal starte opp arbeidet med å finne ut kva vi gjer med hyttene i framtida